



NORGE KALLER



NASJONAL
SAMLING

Propaganda

Tidsbruk: 60-90 min

Trinn: 9, 10, vg1.

Tverrfagleg tema: Demokrati og Medborgarskap

Info: Opplegget kan gjennomførast på museet, med ein omvising i utstillinga **ELLER** museet kan komme til skulen. Sistnemnte alternativ vil vere kortare tidsmessig.

Kva er forskjellen på propaganda og reklame? Er all propaganda farleg? Kven er det som lager propaganda? Kan eg sjølv vere ein av skurkane som spreier propaganda? Og, kva er eigentleg informasjonsvasking?

Desse spørsmåla og meir vil du finne svar på om du kjem til Ryfylkemuseet. Der skal me diskutere, reflektere, argumentere, inspisere, ambulere, reklinere, og...

Ja, rett og slett sjå på skumle monster, sterke fargar og sterkare budskap i originale eksemplar på 1900-talets propaganda!

Informasjon

Forarbeid:

Ved bestilling av opplegg sender museumspedagogen ein mail med info om forarbeid. Forarbeidet er ein nettbasert ressurs om propaganda ein kan gjere på skulen for å forhåndslasta elevane med ein grunnleggjande forståing av tema.

Kort om opplegget:

10 min – Elevane introduserast for tema med felles diskusjon om kva propaganda er.
30 min – Ein omvising i utstillinga Propaganda.
20 min – Identifisering av verkemidlar i utstillingas plakatar.
20 min – plakatlagning
30 min – avsluttande diskusjon

Etterarbeid:

Om klassen ønskjer å arbeide meir med tema eller gå djupare inn i tematikken kan museumspedagogen sende ein mail med forslag til litteratur og oppgåver.

Med vennleg helsing

Vegard Lindtner

Museumspedagog

48059746

vegard.lindtner@ryfylkemuseet.no